



Camilla Henanger  
Kleivdalsvegen 290  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1740 - 17/16111

Saksbehandlar:  
Atle Dingen  
Atle.Dingen@lindas.kommune.no

Dato:  
01.06.2017

## Vedk. tømmerhogst på Sjauset gbnr 200/5

Visar til uttak av tømmer på Sjauset i vår. I samband med munnleg dialog mellom kommunen og representant for tiltakshavar, vart det opplyst at det var sendt søknad til kommunen om dette arbeidet.

Lindås kommune ved Landbruk eller Postmottak kan ikkje finne nokon søknad på dette tiltaket som blei satt i gong.

Lindås kommune skal orienterast før det blir satt i gong med uttak av tømmer. Når det gjeld kommunale vegar, vatn og avløp som blir berørt, skal også Teknisk Drift kontaktast på førehand. Når det gjeld skogsvegen, vert det opplyst frå Landbrukskontoret at ein slik veg som er over 50 meter lang, er søknadspliktig. Vi ser at den som er på Sjauset på oppsida av kommunal veg er på ca. 600m.

Så lenge De var kjend med at Sjauset var reservevasskjelde, må Teknisk drift kontaktast ved slike tiltak som uttak av tømmer. Då kan vi saman få ein dialog om korleis ein skal gå fram med arbeidet og eventuelt leggja ut lenser på førehand.

Valaker skog har tatt ut tømmer langs Storavatnet som er hovudvassverket vårt utan at det har skapt nokon problem. Ved store nedbørsmengder, avslutta dei dette arbeidet.

Det er også vanleg at slikt arbeid blir utført i gunstige periodar på vinter eller vår når det er normalt lite nedbør, eller frost.

Det var ekstremt mykje nedbør då Vestskog heldt på hjå Dykk. Dei kjørte skogsmaskinar i tilførselselvane til Sjauset og grov ein skogsveg på ca 600 m i rein jord, og lausmassar.

Ved slike nedbørsmengder som var under dette arbeidet, vil konsekvensen væra stor forureining av hovudelva som renn ut i Sjausvatnet.

Vestskog kjørte også på den nyasfalterte Kleivdalsvegen med kjettingar på, utan løyve. Dei fekk beskjed om at dette var heilt uakseptabelt.

Vi registrerte at dei ikkje tok dette seriøst og fortset med dette i ettertid. Dei kjørte også skogsmaskinane heilt frå Sjauset og opp til FV57 med kjettingar på.



Når/ dersom dette arbeidet skal starte opp igjen, må dette gjerast på ein måte som sikrar at ein ikkje forureinar elva som fører til drikkevasskjelda. Ein må også tilpasse tidspunkt for uttak, tørr periode på vår/haust, eller i ein periode der det er skikkeleg tele i bakken.  
For at vi skal unngå slike episodar i framtida, må vi ha ein dialog før oppstart av slike arbeider.

Med helsing

Atle Dingen  
fung. einingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi:**

Arne Eikefet  
Eirik Schütz  
Hogne Haugsdal  
Mattilsynet  
Siril Therese Sylta  
Terese Folgerø

**Mottakarar:**

Camilla Henanger

Kleivdalsvegen  
290

5915

HJELMÅS